


Ved utsynsvarden



Frå varden på høgfjellsbryni eg skodar mitt livslaups kyst — —
Han faldar seg ut for syni: Frå vogga til ganske nyst — —
Med kringsyn til alle leider — frå ovdjup til himlasjå,
so auga med naudi greider til yttarste grensa nå.

Eg kviler ved utsynsvarden i haustklår septemberluft —,
heilt ute på bratte barden, med nuten til golv og tuft.
Og fortidi framom susar, med gleda og leik og lyst — —
Som Barde-harpa ho brusar der djupt i mitt eige bryst.

Eg skodar på feil og dåring og fall i den farne tid — —.
Ser sylvklåre byljehåring av Faderens miskunn, blid — —.
Omflødd av fortapingsfåren, då verdi si leid eg gjekk,
til sidan — i vekkjingsvåren — då Frelsaren roren fekk.

Eg minnest dei stille tider, då ingi slags naud eg såg.
Men ogso dei harde strider då slegen i koll eg låg.
So sjeldan til frukt eg blømde. Det vart ikkje mange foll — .
No møter eg det forsømde. Det kling som ein song i moll — .

Men liti, som dropen i havet, er syndi mot Golgata.
Min Frelsar hev oppfylt kravet som Herren til meg mun ha.
Mitt fruktlause liv no blømer i Kristus sitt rettferdsskrud.
Og Du meg i nåde dømer, for Frelsarens skuld, min Gud.

JOHS. M. L. RYDLAND

Sangen 19/3 - 1963. X